

Dokumentliste

Statsforvaltningen

Sak

*uo top.ark*

GRAVABOTN seter, sameie mellom: 63/4,63/7,63/8,63/11,63/17, alle av GURIGARD  
69/6 av Megard.

SKARVANNSTØLEN u.Veslegarden av Torsteinsrud lille,61/1.

Å l s, p, k, BUSKERUD.

Merknader

Dokumentets art

Datum

Dok. nr.



Gravabotn seter, sameie mellom:  
63/4, 63/7, 63/8, 63/11, 63/17  
alle av Gurigard,  
69/6 av Megard.

Skarvannstølen u. Veslegarden av  
Torsteinsrud lille, 61/1,  
ÅL s,p,k, BUSKERUD.

Ål 2. januar 1978.

lf. 46 67

067 82 100

Til Universitetets Oldsaksamling

Fredriksgt. 2 - 3

O s l o .

Fornminne i fjella mellom Ål og Hemsedal.

Då registreringa av fornminne vart utført i Ål og Hol siste sumar, fall ein god del av fjellstrekningane utanom avdi dei ikkje kjem med på det økonomiske kartverket.

Underskrivne er særleg godt kjend i området mellom Ål og Hemsedal, og vil gjerne få peike på interessante ting der. Dette er så å seia "omlandet" til Gyrinosvatnet, der det vart gjort så forvitnelege funn i 1959. Men førebels held eg meg til området rundt Gravabotten, og sender med her ei liste med opplysingar om plassane eg kjenner. Vidare fylgjer som vedlegg eit kart, 2 skisser og 2 steinprøver.

Kva nytte dette kan vera til for Dykk er uvisst, men eg tenker det kanskje kan vera greidt med tanke på framtidige registreringar.

Sjølv om eg veit at folka Dykkar har hendene fulle med oppgaver langs vassdrag som skal regulerast, vil eg likevel beda om De på nokon måte kunne finne utveg til å sjå på dette til sumaren. Det er utan tvil svært mange fleire interessante plassar enn desse eg har funne rundt Gravabotten.

Dei dyregravene og bogehia (bogastellene) eg har merka på kartet er sjølv sagt berre nokre få av dei mange fangstanlegga i fjella her. Folk veit å fortelja om mykje slikt. Eg kjenner til at ein mann frå Torpo hadde det som hobby i mange år å farte rundt i høgjellet og i fjellskogen her i traktene og registrere dyregraver. Han lever ikkje no, men eg vonar at det med litt tid skal lukkast å få låne ut papira han laga. Truleg er Oldsaksamlinga interessert i dette materialt.

Ein så spesiell ting som "Tufte" ved Skarvanstølen (som det så vidt eg veit ikkje finst liknande typer av her i traktene) kunne kanskje ein røynd arkeolog seia noko om berre ved å sjå - utan å ha ferdige utgravingsresultat. Plassen har vistnok aldri vore sett på av fagfolk.

Lokalhistorikarane ventar spent på meir forskning omkring desse sakene, då det etter kvart har synt seg så mange spor etter menneske på fjellviddene.

Steinalderfunna er no ei sak for seg.

Men kva som har foregått i fjellet i metalltid og mellomalder er av svært stor lokalhistorisk interesse, her som fjell og bygd høyrer så intimt saman. Me veit så lite om tida før dei skrivne kjeldene tek til å fortelja noko.

Men tilbake til det som vel er flaskehalsen i slikt arbeid: kapasiteten og pengeløyvingane. Kunne det vera nokon hjelp om me skaffar midlar lokalt? Eg trur sikkert det skulle la seg gjera å reise ein god slump til eit slikt arbeid, dersom De kunne avsjå folk til undersøkingane.

Meiner De at dette kunne vera ein farbar veg, så høyrer eg gjerne frå Dykk.

Med helsing

*Ola Ellingsgard*

3570 Ål.

E. s.

Dersom det var høve til det, ville eg gjerne koma inn og få ein samtale om desse tinga, helst no i januar.

*Ola Ellingsgard*



Liste over "far etter menneske" rundt Gravabotten.

Nr. svarar til punkt på kartet.

Kartet er vedlegg I.

Hule

Reg.nr. Nr 1. Helleren i Blånuten.

RAF 7056 0112 x3

Helleren ligg på nord-vestsida og går inn i fjellet frå ei berg-hylle som går aust - vest høvt oppi nuten. Helleren har relativt slette vegger, og eit menneske kan stå oppreist inne der.

På ei hylle oppunder "taket" ligg ein nevestor kvarts/kvartsitt, så vidt eg kan skjone eit høveleg emne - med slagplattformer - til å slå reidskap av.

Nr. 2. Steinrad ved myrekant.

besett

Steinar i storleik frå knytteneve til bok i litt stort format, lagt i ei rett line, 4 -5 m. lang (NB! Nedskrive etter minnet) Innafor ligg ei jamn grusflate langsetter, ca. 1 m. breid.

RAF 7056 0112 Nr. 3 og 4. To små holer, oppmura i steinurder.

henholdsvis

Primitive bogehi for reinstrekk opp langs Storegrovi?

R3 og R4

RAF 7056 0112 R5 Nr. 5. Bogehi (bogestelle) i Veslebotten.

På vestsida av stor stein som delvis lagar heller over det rom-slege hiet med nokså kraftig oppmura (opprøysa) voll. Kolrestar. Hiet har godt oversyn over reinsgjendet ned mellom Veslebottnatten og toppen 1426 m. o. h. Skothald frå 15 til 45 m. (mellom urdene).

RAF 7056 0112 R2 Nr. 6. Dyregravene i Nørdre bottane.

System med 3 graver og steingjarde mellom. Gravene er ca. 1 x 2 m. og nesten 2 m. djupe. Murane står relativt godt.

" " " R1 Nr. 7. Dyregravene i nordvestre kanten av Hestebotten.

Mykje veikare og mindre synlege anlegg enn i nr. 6. Steingjarde berre som ei rad med stein. Gravene - 3 stk.? - enten samanrasa eller attfylte. Ulikt anlegget på nr. 6. Kanskje eit anlegg for dyrestup, utover bergi på nord-vest-sida av skardet?










- Nr. 8. Liten røys med kvarts/kvartsitt ved gamlevegen til Gravabotten. Røysa er fjerna av ein kar som frakta steinane til hytta si i Gravabotten for nokre år sidan. Dei ligg rundt hytteveggen, 30 - 40 stykker, og er i storleik frå knyttevneve til den største på 30x30x20 sm. I urda der røysa låg, ligg det enno nokre små steinar av same slaget, og i øvre kanten ein noko større blokk. Prøve fylgjer - vedlegg II. ikke reg.
- Nr. 9. På side 23 i Norske Oldfunn X står det at ein ikkje kjenner til faste forekomster av den kvarts/kvartsitten som ein fann reidskap av på Gyrinos III i traktene her. Dersom den prøva som fylgjer med her, vedlegg III, er av same slaget som materialet på Gyrinos III, så har det kanskje interesse å vite at denne prøva er slege ut av fast fjell (kvarts/kvartsitt-gang) ved nr. 9, d. v. s. 4 - 500 m. sør-aust for kvartsrøysa ved nr. 8. " "
- Nr. 10. På ein morenehaug like ved stølsvollane i Gravabotten ligg desse små stein-røysane og -formasjonane, som er tegna i målestokk på skissa, vedlegg IV. RAF 7056 0112 x2  
Haugen er høgast ved punktet X, og skrånar i nord-aust til lågaste punktet ved den store steinblokken. Høgdeforskjel ca. 1,5m. (etter minnet).  
Dette k a h vera laga av folk på stølen, men gamle folk kan ikkje hugse noko om det, og det er vanskeleg å skjønne kva funksjon desse sakene skal ha hatt i nyare tid. Det er heller ikkje likt noko "leikestell".
- Nr. 11. På ein annan morenehaug nær stølen finn me ein ring av stein, 270 sm. i ytre diameter. Mot sør er ringen broten med ein opening. RAF 7056 0112 x1  
Dette k a n vera eit "leikestell", men steinane er til dels i største laget til at ungar kan ha bore dei på plass.
- Nr. 12. "Tufta" ved Skarvanstølen. Sjå skisse, vedlegg V. RAF 7045 0112 R6  
Tufta ligg på ei vid grasslette, ein vang, 55 m. nordvest for den gamle bua ved S. Tufta syner seg som ein grasvoksen jord- og steinvoll i avlang ring, ca. 50 sm. høgare enn sletta utanfor. Nivået inni ringen er litt høgare enn utanfor. Holene langs midten kan likne merke etter stolpar i siksakline. Hakket i S-S-V kant er opplagt nytt. Høla i midten kan vera graven i seinare tid, likeeins hakket i langsida mot nord-aust.



ÅL s,p,k, BUSKERUD.

Reg.nr.RAF 7056 0112 x2




Vedlegg nr. IV  
På kartet punkt 10  
J = jordfast stein.

Morenhaugen ved Gravabakken  
Mål 1:50

Gravabotn seter, sameie mellom:  
63/4, 63/7, 63/8, 63/11,  
63/17, 69/6.





Vedlegg nr. V  
På kartet punkt 12.

"Tufte" ved  
Skarvanstølen.

Skarvanstølen, 61/1,

Ål s,p,k, Buskerud.

Reg.nr. RAF 7056 0112 R6



Fylke, s., p., k.: Ål, Buskerud.

Sted: Skarvannstølen w. Valogarden av Torsteinshøg  
lille, 61/1

Reg. nr.: RAF 7056 0112 R6

Foto: O. Ellingsgard, 3570 Ål. 1978.



1. Tuftan - R6 - fra SSV



2. Tuftan - R6 - fra ØSQ





3. Haugeene fra NNV



Fylke, s., p, K.: Ål, Buskerud

Reg. nr.: BAF 7056 0112 x 3. Hule

Sted:

Grounboln seter, namne mellom: 63/4, 63/7,  
63/8, 63/11, 63/17 samtlige av Gurigard, 69/6  
av Meyard.

Foto:


O. Ellingstad, 3570 Ål. 1, 2 1978, 3 ca. 1940



1. Blåmuren fra NV. Pilen peker mot hulen



2. Hulen fra V.



3. Hulens åpning - S-delen -  
fra Ø.



1:25 000


Gyrinosvatn

Vedlegg nr. I

1110

Ad. pr. 23/78

Ål, Busk



Kart til Liste over "far etter menneske" rundt Gravabotten utarbeidet januar 1978 av Ola Ellingsgard, 3570 Ål.

Gjelder: Gravabotn seter, sameie mellom:  
 63/4, 63/7, 63/8, 63/11, 63/17, 69/6.  
 Skarvannstølen, 61/1,  
 Ål s.p.k, Buskerud.

Reg. 1978 på flyfoto RAF 7056 0112,  
 Unntatt: Nr.8,9. Nr.2: besett.

- |           |           |
|-----------|-----------|
| Nr.1 = x3 | Nr.7 = R1 |
| " 3 = R3  | " 10 = x2 |
| " 4 = R4  | " 11 = x1 |
| " 5 = R5  | " 12 = R6 |
| " 6 = R2  |           |

E.Skjelsvik



Ål den 28. april 1978.

784/78

Elizabeth Skjelsvik  
Universitetets Oldsaksamling  
Fredriks gate 2  
O s l o 1.

Hjarteleg takk for den interesse dei arkeologiske spørsmåla våre her frå fjellet vart møtt med. Aller mest spennande blir det om tufta ved Skarvanstølen kan bli utgraven. Som eg sa i samtalen, skal det ikkje vera nokon vanske å skaffe ein del pengar på lokalt hald til slike arbeid. Men det kunne i tilfelle vera greidt å ha noko peiling føreåt om kor mykje det ville dreie seg om.

Også hjå Riksantikvaren vart eg møtt med interesse. Christie sa at dei der i huset hadde oppgaver for i alle fall dei to komande sesongar, men, at han ville spørja i Oldsaksamlingen om det kunne finnast folk til arbeidet ved Nordby. Han nemnde då ei prøvegraving. So dette får vel også U. O. kanskje noko å gjera med. )

Vedlagt sender eg dei papira om Nordby, som eg lovde.

Med helsing

Ola Ellinggaard 3570 AE

) i MA-ard. arkiv



Ål den 16. juni 1978.

Til Universitetets Oldsaksamling,  
Konservator Elizabeth Skjelsvik,  
Fredriks gate 2,  
O s l o 1.

*1021/78*  
*ovs*

Då det no nærmar seg den tida det er framkomeleg til flells, skal eg få koma tilbake til eit par moment ved registreringa av dei omtala fornminna i Åls-fjella.

So vidt eg hugsar frå samtalen vår i april, meinte me det kunne vera høveleg tid ein gong etter 1. juli. Det er rett nok farbart i fjellet då, men eg har kome til å tenke på at kanskje eit par av lokalitetane ligg i fonn-støe, slik at dei berre so vidt er synlege den tida. Dette varierar frå år til år. Sist i denne månaden har eg kanskje vore innover og sett, so eg veit det sikkert. Elles er det finaste tida i fjellet i august. Men De har sjølvsagt so mange andre ting å ta omsyn til at dette må vega berre lite. Eg ville berre ha nemnt det.

Ein annan ting som eg har tenkt på er at Oldsaksamlinga vel burde ha eit bindande tilsagn om dekking av utgiftene frå lokalt hald, slik som me var inne på. Dette ville vel særleg bli aktuellt dersom det vart råd å få folk til å prøvegrave litt i tufta ved Skarvanstølen. Kulturstyret i Ål er orientert om saka og har utveg til å skaffe ein del midlar. Dersom eg skal be om ei fråsegn derifrå, so måtte me vel kome fram til ein sirka sum som trengst.

Som De kjenner til, so hadde eg på Oslo-turen i april ogso ei samtale med Håkon Christie om spørsmålet Nordby. Eg sa det same til han som til Dykk, at kan dei skaffe folk til ei prøvegraving, so vil me skaffe pengar lokalt. Eg går ut frå at Christie har nemnt dette for Dykk, og skriv i dag ogso til han om dette med garanti for utgiftene.

Beste helsing

*Ola Ellingstad*  
3570 Ål.



Gravabotn skole, samme mellom  
63/14, 63/2, 63/8, 63/11, 63/17 alle av

Gurugard,

69/6 av Hlegard, Ål s. p. k. Bushrud.

Skarvannskolen u. Valsegarden av Torshavnud Lille, 611, Ål, Buskerud J. NV 1500/78

Neo kop. ark 4/9 78

Ål den 2. august 1978.

Til Universitetets Oldsaksamling  
v/ Elizabeth Skjelsvik,  
Fredriks gt. 2,  
O s l o l.

Takk for brev av 24. august.

Endeleg har eg desse opplysingane og biletene klar, og byrjar med marknamnet

Festningen<sup>1)</sup> Det er rett at det er ein markert fjellknaus i det relativt flate, vide landskapet i Hestebotten. Namnet er truleg frå nyare tid, helst etter 1900, og skriv seg vel frå forma på knausen og at det var ein høveleg plass for postering under reinsjakta. Det er også rett at det er ein plass lenger vest i området med same namnet, Festningen, eller også kalla Port Arthur. Dette siste namnet daterar seg vel til 1905.

Folka frå NGO som samla inn marknamn i sumar prøvde eg å få kontakt med, utan at det lukkast. Det var fleire ting eg gjerne ville drøfte med dei. Men eg vonar me får sjå "kladden" før kartet blir trykt.

Om dei 2 (3?) bogahia ved Storegrovi<sup>1)</sup> og det i Veslebotten<sup>2)</sup> tilsaman er eitt "drivjakt"-system, det har eg ikkje føresetnad for å seia noko sikkert om. Veslebotten ligg no på a n d r e s i d a av grovi. Likevel er det truleg at dyra, etter å ha passert postane på austsida av grovi, kunne kaste over til Veslebotten. Her oppe er grovi mykje dårlegare stengsle avdi ho er kløyvd i to greiner og ikkje er nedgraven med bratte elvekantar. Her er også landskapet flatare og den gamle kløvvegen til Gyrinos har funne eit høveleg vad over elvegreinene. Den greina som kjem frå vest har ikkje noko retteleg namn. Me seier berre "grovi frå Nødre Båtto". Båtto er dativ for båttdn, som vel kartfolka skriv bottan.

Det som gjeld Blånuten<sup>3)</sup> har eg retta og føya til på registreringskjemmet som eg her returnerar. Dette skulle vera litt meir presis enn det eg skreiv om i januar. Dessutan fylgjer med 2 foto. Det eine er Blånuten sett frå NV, med pil på hellingen/hola, om det kan hjelpe til med å stikke meir presis på flybiletet. Det andre er nærbilete av lokaliteten. I grunnen knyter det seg kanskje liten arkeologisk interesse til staden. Men kvartsitten som er gøymt inne i hola er påfallande. Dessutan er no dei mange buplassane ved Gyrinosvatnet nær.

Gards- og bruksnr. og namn på eigarar i Gravabotten er slik:

1) Ragnv. RAF 7056  
0112 x4

2) RAF 7056 0112 R23, H  
" " " " RS

3) " " " x3-1:



G. nr. 63, br.nr. 17, eigar Sevat Medgard. G.nr.63, br.nr.8, Ivar Oleivsgard.  
" " 63, " " 4, Sigmund Gurigard. " " 63, " " 11, Knut K. Lappegard.  
" " 63, " " 7, Sigurd Gurigard. " " 69, " " 6, Ola Ellingsgard.

Alle har postadresse 3570 Ål.

Vidare fylgjer eit par bilete av tufta ved Skarvanstølen. Det er  
skrive på baksida. Gards- og bruksnr. på Skarvanstølen er 61 og 1.  
Eigarar er Mikkjel Veslegard og Kåre Ola Etterlid, begge adr. 3570 Ål.  
Velså 200 m. NNA for den gamle bua på Skarvanstølen, i kanten på dei  
vide grasvollane, ligg to små morenehaugar. Sjelve haugane er nok nat-  
urlege, men, dei har so merkelege toppar, som ein ikkje ser på dei man-  
ge runde eller flate morenehaugane i fjellet her. Det fylgjer med eit  
bilete av haugane. Det ser ut som toppen inneheld litt meir humus enn  
resten av haugen. Vegetasjonen er også litt meir frodig enn på resten  
av haugen, litt meir starr og finnskjegg og litt mindre mose. Nokre lyf-  
testore steinar syner i toppen. Haugane er i middel 5-6 m. i diameter,  
og toppane ca. 1 m. i diameter. Ein liknande haug ligg på vestsida av  
Syngrovi, litt lenger nord. Men her kviler den spesielle toppen ~~ikk~~  
inn til ein stor stein.

Skulle det bli alvor av graving i Skarvanstøltufta til sumaren, so måt-  
te vel ogso desse haugane sjåast nøyare på. Professor Hougen skriv ein  
stad om seter/fjell-graver som er lagt inn i naturlege små morenehaugar.

I det heile tykkjer eg dette på Skarvanstølen er interessant, og kan ikk-  
je la vera å samanlikne det med dei ovale tuftene som er funne på Hardan-  
gervidda, lokalisert på andre måtar enn dei reine jegerbuplassane, leng-  
er frå vatn og dyretrekk og på grasrike sletter.

Saman med ymse lokale organ kjem eg truleg til å plage Oldsaksamlingane  
ein del med desse spørsmåla framover. Det er nokså stor interesse for  
lokalhistorie her i kommunen, og difor relativt lett å få løyvt pengar  
til slike arbeid. Og det er vel også av ålmenn vitskapeleg interesse  
å få undersøkt ein del av desse lokalitetane.

Skulle det vera nokon fleire detaljar de har bruk for i samband med desse  
registreringane, so står eg gjerne til teneste. Elles kan eg helse frå  
Aagot og dyra - dei er framleis i Gravabotten og har alt sett litt av  
haustsøsen.

Beste helsing

Ola Ellingsgard.

3570 Ål.

4) Reg. nr. R. A. F.

7056 0112 R 21

haugane føydd  
til på bakvidde-  
den av tufta

5) Kvitref.

M 211 1576 I 6341